



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eva Hauge Drotningsvik,

Vår dato  
22.09.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/9091 350  
Dykkar referanse

Til:  
Kommunane i Hordaland (33)  
110-sentralen i Hordaland (Bergen brannvesen)

Kopi:  
Hordaland politidistrikt  
Haugaland og Sunnhordland politidistrikt  
Hordaland sivilforsvarsdistrikt  
Hordaland fylkeskommune

### Invitasjon til informasjons- og dialogmøte om framtidens 110-teneste

Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) har i brev av 24. juni 2015 oppmoda Fylkesmannen om å leggje til rette for eit informasjons- og dialogmøte mellom DSB og kommunane.

DSB ynskjer dialog med kommunane om Stortingets avgjerd om at framtidens 110-regionar skal følgje dei nye grensene for politidistrikta, og vidare om at politiet sine operasjons-sentralar (112) og sentralane for naudalarmering for brann (110) skal samlokaliseras.

Fylkesmannen i Hordaland inviterer difor på vegne av DSB til møte den

**25. november 2015 kl. 10.00-14.00 på Bergen hovudbrannstasjon**

Denne invitasjonen vert send til alle kommunane i Hordaland. Vi er kjend med at kommunane i sør også er invitert av Fylkesmannen i Rogaland. Desse kommunane melder seg på der det høver best for dei. Målgruppa for møtet er politisk leiing (ordførar), rådmann, brannsjef, kommunalsjef, og/eller beredskapskoordinator i kommunane. I tillegg har Hordaland politidistrikt mfl. fått kopi av invitasjonen og er sjølvstilt velkomne på møtet.

Fylkesmannen ynskjer tilbakemelding frå kommunane på deltaking og oppmodar politisk og administrativ leiing i kommunane til å delta.

På noverande tidspunkt er ikkje endelig dagsorden fastsett, men desse tema vil verte omtala:

- Samlokalisering av 110 og 112-sentralane (brann og politi)
- Arbeid med ny organisering av brann- og redningsvesenet
- Arbeid med og status for program for forbetring av naudmeldetenesta

Hovuddelen av møtet vil bestå av informasjon frå DSB, men det vil og verte sett av tid til diskusjon. Det er inga deltakaravgift, men av omsyn til lunsjbestilling er det påmelding til møtet.

**Påmelding skjer via våre heimesider under «Kurs og konferansar», eller ved å gå direkte til:**

<http://fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Informasjons--og-dialogmote-om-110-tenesta-i-framtida/>

**Påmeldingsfrist: 4. november.**

Eventuelle spørsmål kan rettast til Eva Drotningvik Hauge på e-post [fmhoedh@fylkesmannen.no](mailto:fmhoedh@fylkesmannen.no), eller på telefon 55 57 21 22.

Velkommen til møte!

Med vennleg helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Eva Drotningvik Hauge  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*